



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 04.03.2015
Møtetid: 16:00 - 20.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 20, inkludert 5 varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Heidi Gjerde (Ap) Gunnar Bruvik (Frp) Vidar Tveiterås (Ap) Karl. B. Kollbotn (Frp) Sigmund Dyrhovden (Krf) Birthe Skar-Moum (Ap)	Gunnveig Loe (Ap) Norvald Gjerde (Frp) Margunn Lønnebakken (Ap) Marion Pedersen (Frp) Bjarne Hauge (Krf)

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann T.Ramsli og ass.rådmann H-L.Våge

Møteleiar:	Ordførar Marit Aase (Krf)
Møtesekretær:	Ass.rådmann Hilde-Lill Våge

Merknader:

Kommunestyret hadde gruppearbeid om kommunereforma frå kl. 19.05-20.30
Adm.dir. I BRB Ole Hope møtte under handsaminga av sak 2/15

Orienteringar /meldingar:	<p><u>Tor Børresen</u>-byggeleiar i SK for utbygginga av Samnangerheimen, orienterte om status for utbygginga. HENT er SK sin entreprenør. Målet er å kunna ferdigstilla bygget i løpet av mars 2016. Det vart bedt om og gitt utfyllande informasjon om korleis SK som byggherre kontrollerer arbeidsvilkåra for tilsette hjå underentreprenørar.</p> <p><u>Ordførar orienterte om:</u></p> <ul style="list-style-type: none">-Merknad til notat frå kultursjefen –framdrift kunstgrasbane. Idrettslaget og SK har no etablert kontakt og avtalt framdrift for arbeidet.-Miljøsertifisering av kommunehuset – saka vert teken oppatt i samband med i junimøtet. Epost frå landbrukssjefen vert sendt til kommunestyret.-Administrasjonen har eit stort arbeid pågåande i samband med innføring av eigedomskatt. Dette har ført til at rekneskapen vil verta litt forsinka.
----------------------------------	---

<p>Interpellasjon frå Samnanger Senterparti v/ Monica Tjønna og Øyvind Røen</p>	<p><i>Ja til eit meir offentleg og ope kommunestyremøte.</i></p> <p>”Samnanger senterparti ynskjer at moglegheit og kostnader for å direktestreame kommunestyremøta vert greidd ut til neste kommunestyremøte som ei sak. Med anna Vefsn kommune har direkte streaming av sine kommunestyremøte. Kamerautstyr og lagring av data er der levert av verksemda Aventia frå Bodø. Me meiner eit slikt tiltak vil auke engasjementet, gje meir synlegheit og offentlegheit, samt at det vert lettare for Samningane å sjå kva dei folkevalde og administrasjonen gjer i kommunestyremøta. Noke me meiar dei fortener.”</p> <p>SVAR FRÅ ORDFØRAR</p> <p><i>- Ja til eit meir offentleg og ope kommunestyremøte</i></p> <p>Senterpartiet ønskjer om å få utgreidd ei sak om korleis få ”direktestreame” kommunestyremøta ut til innbyggjarane i Samnanger. Både politisk og administrativt har det ved fleire høve vore drøfta korleis få til eit meir offentleg og ope kommunestyre. I kommuneplanen er eit av delmåla å ha eit aktivt folkestyre med engasjerte innbyggjarar. Rådmann og ordførar er positive til direkteoverføring av kommunestyremøta. Ei slik offentleggjering gjev større openheit rundt dei politiske avgjerslene. Dette kan igjen motivera og aktivisere innbyggjarane til politisk arbeid og vera med å auka engasjementet til politikarane. Ei slik direkteoverføring oppfyller og ønskje om få til ei meir likehandsaming av innbyggjarane, uavhengig av kvar dei bur, går på skule eller har arbeidsstad. Dersom kommunestyret stiller seg prinsipielt positiv til at kommunestyremøta skal verta direkte overførte, let det seg gjera for administrasjonen få lagt fram ei sak i kommunestyret til juni-møtet.</p> <p>Eit samrøystes kommunestyre ønska å få utgreidd ei sak til juni-møtet.</p>
<p>Spørsmål frå Samnanger Senterparti v/ Monica Tjønna og Øyvind Røen</p>	<p>1. Organisasjonsendringar – delegeringsreglementet §10.1.37</p> <p>Til møtet 17.12.2014 vart kommunestyret orientert om den nye organiseringa av leiarnivået i kommunen. Senterpartiet ønskte å ta dette opp som ei eiga sak i kommunestyret fordi endringane er så store at dei etter vår meining ikkje skulle delegerast til rådmannen. Delegeringsreglementet seier i §10.1.37 at rådmannen kan "gjera organisasjonsendringar som ikkje er av strukturell karakter". Senterpartiet meiner at ein overgang frå to til tre nivå i kommuneleiinga, inkl. skiping av fleire nye einingar, absolutt må definerast som vesentlege endringar av "strukturell karakter". Fleirtalet i kommunestyret var 14.12 ikkje samd med Sp i at omorganiseringa fall utanfor delegeringsreglementet. Ordføraren høyrde til dette fleirtalet. Spørsmålet vårt til ordføraren er difor: Kva er meint med formuleringa "strukturell endring" i den nemnde paragrafen? Her ber me om at ordføraren konkretiserer svaret sitt med døme.</p> <p>2. "Vurdering" av delegeringsreglementet</p> <p>I sak 19/12 vedtok kommunestyret å setja ned eit ad hoc-utval som skulle laga eit framlegg til nytt reglement for dei kommunale utvala. I vedtaket vart det dessutan sagt: "Gruppa skal òg vurdere</p>

delegasjonsreglementet". Nytt reglement for utvala vart lagt fram for kommunestyret og vedteke i sak 46/13, men delegeringsreglementet har det ikkje vorte gjort noko med. Spørsmåla til ordføraren vert då: Er det ikkje lenger aktuelt å følgja opp heile vedtaket i sak 19/12? Er grunnen i så fall at ordføraren tenkjer at Samnanger snart skal slåast saman med andre kommunar? Men viss ordføraren meiner at ein ikkje treng "vurdera" delegeringsreglementet, burde ho ikkje fremja ei sak for kommunestyret om å oppheva siste delen av vedtaket i sak 19/12?

3. Framdrift for kommuneplanen

Kan ordføraren no seia noko meir om framdrifta for kommuneplanen (arealdelen)? Jf. spørsmål i naturutvalet 18.02 i år.

4. "Nina" og beredskapen i kommunen

I formannskapsmøtet 11.02.2015 varsla ordføraren at "det vil verta ei evaluering av beredskapen knytt til ekstremveret *Nina*". Når reknar ordføraren at denne evalueringa vert lagt fram for kommunestyret? 26. februar i år hadde nettavisa til VG eit oppslag med overskrifta: "Ny rapport: Halvparten av kommunene svikter på beredskap". I ein meir detaljert faktaboks skriv VG dette:

DSBs landsomfattende kommuneundersøkelse om samfunnssikkerhet og beredskap viser følgende:

-52 prosent av kommunene arbeider spesielt godt med samfunnssikkerhet og beredskap.

-41 prosent av kommunene har en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse som oppfyller utvalgte krav.

-35 prosent av kommunene har en overordnet beredskapsplan som oppfyller utvalgte krav.

-72 prosent av kommunene har øvet overordnet beredskapsplan siste to år

-59 prosent av kommunene har en plan for oppfølging av arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap. Kan ordføraren seia noko om korleis Samnanger plasserer seg i dette biletet?

5. Brot på opplæringslova

Samningen melder 26.02 at Samnanger kommune har brote opplæringslova med å frita elevar frå nasjonale prøvar. Kan ordføraren seia noko meir om kva som har skjedd her, og om kva som vert gjort for retta opp denne feilen?

Monica Tjønna og Øyvind Røen
Samnanger Senterparti

SVAR FRÅ ORDFØRAR PÅ SPØRSMÅLA FRÅ SENTERPARTIET I KOMMUNESTYREMØTET 04.03.15

1. Organisasjonsendringar – delegeringsreglementet §10.1.37

Ordførar viser til følgjande godkjende protokollutskrift:

Skriv og meldingar Formannskapet 19.11.14

"Rådmannen ga ein grundig gjennomgang av framlegg til ny organisering. Det vart gitt ein del innspel og det vart stilt ein del spørsmål m.a. til kostnad og arbeidsfordeling. Formannskapet hadde ikkje merknader til at det vert fatta administrativt vedtak i denne saka under føresetnad av det ligg innan gitte økonomiske rammer."

Spørsmålet kom opp att i møtet den 3.12.2014. Fylgjande er protokollert frå dette møtet: Skriv og meldingar Formannskapet 03.12.14

”Rådmannen la fram ein oversikt som viste at framlegg til ny organisering vil truleg medføra ein mindre auke i lønnskostnader frå 2016 enn dagens organisering. Det vart ein omfattande diskusjon om det var rett å handsama denne saka administrativt. Fleirtalet i formannskapet meiner at rådmannen skal fatta vedtak i denne saka. Kommunestyret vil verta gitt melding om vedtaket.”

”Til saklista” Kommunestyret 17.12.14

Monica Tjønna (Sp) ønska orienteringsnotat - ”Organisering av administrasjonen” - som eiga sak. Ho viste til at dette var strukturelle endringar og at dette ligg utanfor delegeringsfullmakta til rådmannen. Ordførar Marit Aase (Krf) orienterte om at dette hadde vore drøfta i formannskapet og at fleirtalet hadde slutta seg til at desse endringane ligg innanfor rådmannen sine fullmakter. Ho tilrådde kommunestyret å følgja formannskapet sine vurderingar. Øyvind Røen (Sp) viste til drøftingane i formannskapet, og meinte at fullmaktene til rådmannen i delegeringsreglementet bør verta drøfta prinsipielt.

Kommunestyret røysta over Monica Tjønna sitt innspel, det vil seia om notatet ”Organisering av organisasjonen” skulle handsamast som sak. Med 14 mot 7 røyster vart det vedteke å ta notatet til orientering. Protokollen syner at ”struktuell endring” vart nytta i debatten før avstemminga.

Ordføraren vil be om at gruppa som skal arbeida vidare med delegasjonsreglementet ser på § 10.1.37 om ordlyden her skal endrast / presiserast / drøftast prinsipielt i høve kva kommunestyret vil leggja i begrepet ”struktuell endring”.

2. "Vurdering" av delegeringsreglementet.

Det er framleis aktuelt å følgja opp heile vedtaket I sak 19/12.

Ordføraren har ikkje kopla ”vurderinga” i høve delegasjonsreglementet til kommunereforma.

Ordføraren vil be gruppa som er nedsett av kommunestyret om å tre saman igjen - med tanke på å førebu sak i tråd med vedtak 19/12 i kommunestyret. Rådmannen avklarar sekretærressurs.

3. Framdrift for kommuneplanen

P.g.a langvarig sjukefråvær hjå einingsleiar i teknisk har planleggjaren sidan oktober 2014 også hatt ansvar som einingsleiar. Det har medført at arbeidet med kommuneplanen ikkje har kunna prioriterast. Me har no delvis forskottert/forsert ny organisasjonsplan ved at det er føreteke endringar internt i teknisk eining som gjer at planleggjar/fungerande einingsleiar har fått redusert ansvaret og arbeidsoppgåvene som ho har hatt dei siste månadane. Dette er gjort for å få frigjort tid til å arbeida med kommuneplanen. Me har framleis tru på at kommuneplanen skal kunna handsamast av sittande kommunestyre.

4. "Nina" og beredskapen i kommunen

Rådmannen legg til grunn at det vert laga ein rapport ut frå erfaringane

	<p>våre med beredskapssituasjonen knytt til ekstrem veret Nina til kommunestyret i juni. Delar av evalueringa er gjort , men me ynskjer m.a å kome i dialog med Telenor.</p> <p>Fylkesmannen gjennomførte i 2014 tilsyn med Samnanger kommune på beredkapsområdet. Rapporten er tilgjengeleg på nettet. (kommunestyret fekk rapporten sendt på mail i møtet)</p> <p>5. Brot på opplæringslova</p> <p>Samnanger kommune har hatt skriftleg tilsyn frå Fylkesmannen i Hordaland på gjennomføringa av nasjonale prøver ved Samnanger barneskule hausten 2014. Fokus var på om skuleeigar har eit fungerande forsvarleg system for påmelding, fritak, fråver og for resultatregistrering av nasjonale prøver.</p> <p>Skriftlege svar på dei etterspurte spørsmåla om rutinar og dokumentasjon vedkomande nasjonale prøver 2014 vart sendt frå rektor og skulefagleg ansvarleg til Fylkesmannen innan fristen i jan. 2015. Dokumentgrunnlaget som vart sendt inn inneheld kommunen sine <i>Rutinar i samband med gjennomføring, resultat og oppfølging av nasjonale prøver</i> (06.09.2011), samt enkeltvedtak om fritak frå NP for elevar på 5.trinn, og dei bakomliggjande enkeltvedtaka om spesialundervisning etter Opl § 5-1 eller om særskild språkopplæring etter Opl § 2-8.</p> <p>Endeleg rapport frå Fylkesmannen, datert 16.02.2015, konkluderer med at Samnanger kommune ikkje har sikra at skulen praktiserer fritak frå nasjonale prøver i samsvar med forskrift til opplæringslova § 2-4. Av dei 17 kontrollpunkta Fylkesmannen nytta ved dette skriftlege tilsynet, er det tre som ikkje er funne forsvarleg dokumentert ved Samnanger barneskule, som gjeld fritak.</p> <p>På følgjande spørsmål har ikkje skulen eller skuleeigar synleggjort dokumentasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Foretar skulen ei vurdering av om kor vidt prøvene vil ha mykje å seia for opplæringa til eleven? • Fritar skulen berre elevar der det er klart at prøvene ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa? • Kva hovudomsyn har vore avgjerande ved utøving av forvaltningsmessig skjønn? <p>Skulen/rektor har her gjort vurderingar i personalet og med føresette munnleg, altså ikkje dokumenterbart. Frist for retting av dei påtalte tilhøva er sett til 13.mai 2015. Leiinga ved barneskulen, koordinator for spesialundervisning og skulefagleg ansvarleg arbeider med å laga eit internt systemet som skal sikra <u>skriftleg dokumentasjon</u> av grunngevingane til fritak frå nasjonale prøver.</p>
<p>Utvalet sitt kvarter:</p>	<p>Jon Magne Borgevik (Frp) - SK sin repr i BOF. Nye vedtekter vil kome til handsaming i kommunestyret. Det vil verte forslag om å redusere styret frå 18 til 7 representantar.</p> <p>Borgevik stilte og spørsmål om status for skatteinngangen.</p> <p>Økonomirapport vil verte lagt fram i neste møte.</p> <p>Jens Harald Abotnes (Krf) stilte spørsmål til Senterpartiet om kva ”streaming” er. Han stilte og spørsmål om det han forstod det slik at det var greitt med økonomien. Ordførar viste til interpellasjonen og at kommunestyret får lagt fram ei sak av kostnader og andre krav til junimøtet.</p>

	<p>Monica Tjønn (Sp) stilte spørsmål om status for bemanninga i samband med mellombels drift av Samnangerheimen. Rådmannen orienterte om at samhandlingsreforma har gitt kommunane større ansvar for personar med meir komplekse sjukdomsbileter noko som krev meir sjukepleiarfagleg kompetanse. Når me i mellombels drift gir tilbod 3 stader – mot samla i ordinær drift - , er det utfordrande å ha sjukepleiarar på arbeid på alle vaktar på alle stadane. Me har over tid og uavhengig av mellombels drift hatt ein intern diskusjon om behovet for å omgjere helsefagarbeidarstillingar til sjukepleiarstillingar. Dette er endå meir aktuelt no. SK får elles gode tilbakemeldingar på tenestene og opplegget både frå tilsette, brukarar og pårørande.</p>
--	--

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 13.03.2015

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/15	15/150	Faste saker	U Ikkje offentleg
002/15	10/246	Strategisk næringsplan for Bergensregionen	
003/15	15/145	Årsmelding kontrollutvalet 2014	
004/15	14/714	Fritak frå kommunale verv 2012 - 2015	

SAKNR. 001/15
FASTE SAKER

04.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet: Faste saker vart samrøystes vedteke. Følgjande representantar tok opp dette under utvalet sitt kvarter;

Jon Magne Bogevik (Frp) - SK sin repr i BOF. Nye vedtekter vil kome til handsaming i kommunestyret. Det vil verte forslag om å redusere styret frå 18 til 7 representantar.

Bogevik stilte og spørsmål om status for skatteinngangen ? Økonomirapport vil verte lagt fram i neste møte.

Jens Harald Abotnes (Krf) stilte spørsmål til Senterpartiet om kva ”steaming” er? Han stilte og spørsmål om det han forstod det slik at det var greitt med økonomien?

Ordførar viste til interpellasjonen og at kommunestyret får lagt fram ei sak av kostnader og andre krav til junimøtet.

Monica Tjønnå (Sp) stilte spørsmål om status for bemanninga i samband med mellombels drift av Samnangerheimen?

Rådmannen orienterte om at samhandlingsreforma har gitt kommunane større ansvar for personar med meir komplekse sjukdomsbileter noko som krev meir sjukepleiarfagleg kompetanse. Når me i mellombels drift gir tilbod 3 stader – mot samla i ordinær drift - , er det utfordrande å ha sjukepleiarar på arbeid på alle vaktar på alle stadane. Me har over tid og uavhengig av mellombels drift hatt ein intern diskusjon om behovet for å omgjere helsefagarbeidarstillingar til sjukepleiarstillingar. Dette er endå meir aktuelt no. SK får elles gode tilbakemeldingar på tenestene og opplegget både frå tilsette, brukarar og pårørande.

KS-001/15 VEDTAK:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 002/15

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har ikkje merknader til innhaldet og oppbygginga av utkast til Strategisk næringsplan for Bergensregionen. Oppbygginga av planen gjer han oversiktleg, og måten dei ulike tiltaka er arbeidd med gjer at relevansen av tiltaka aukar. Samnanger kommune har imidlertid merknad til at tiltaksdelen er tenkt presentert som ein eigen plan, og ber om at dette vert vurdert på nytt.

04.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet: Adm.dir. BRB Ole Hope ga ei grundig orientering om utkast til plan. Han orienterte og kort om situasjonen i BRB som pga reduksjon i inntektene hadde måtte redusera tal tilsette.

Øyvind Røen (Sp) og Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg:

”Samnanger kommune meiner at utkastet til *Strategisk næringsplan for Bergensregionen* har ei oversiktleg oppbygging med mange gode enkeltelement. Planen er likevel ikkje framtidretta nok når det gjeld miljøomsyn og berekraftig utvikling. Planen har m.a. eit for tradisjonelt syn på den plassen olje og gass skal ha i næringsutviklinga. Det som er sagt om overgang til og satsing på fornybare energikjelder, er tilsvarende lite forpliktande. Sameleis problematiserer ikkje planen dei store miljøutfordringane som er knytte til marin næring i dag, m.a. den store bruken av importert soya frå Brasil.

Det er påfallande at planen ikkje nemner jordbruket som finst i regionen. Dette er ikkje ei stor næring målt i pengeverdi eller talet på sysselsette, men er likevel viktig i utnytting av lokale ressursar og for matvaretryggleiken. Jordbrukslandskapet spelar òg ei rolle for reiselivsnæringa. Samnanger kommune meiner jordvern må nemnast som eitt av måla for arealplanlegging i samband med næringsutviklinga i regionen.

Samnanger kommune stiller spørsmål ved at ein tenkjer å presentera tiltaksdelen som ein eigen plan, og ber om at dette vert vurdert på nytt.”

Øyvind Strømme (Bl) sette fram følgjande framlegg: ”Oppbygginga av planen gjer han oversiktleg og måten dei ulike tiltaka er arbeidd med gjer at relevansen av tiltaka aukar. Samnanger kommune vil likevel påpeika at bærekraft - som eit sentralt omgrep i målformuleringa - i større grad bør innarbeidast i planen elles, særleg i tiltaksdelen.”

Øyvind Strømme (Bl) ønska å trekke sitt framlegg dersom Ø.Røen sitt framlegg vart vedteke. Det vart derfor gjennomført prøverøysting.

Prøverøysting:

Det vart prøverøysta alternativt over framlegget til Ø.Røen (Sp) og rådmannen sitt framlegg. Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst ved;

Jens Harald Abotnes	Krf
---------------------	-----

Øyvind Røen (Sp) og Monica Tjønnå (Sp) sitt framlegg fekk 19 røyster;

Marit A Aase	Krf
Bodil H. Øpstebø	Krf
Bjarne Hauge	Krf
Bright Olav Gåsdal	Ap
Margunn Lønnebakken	Ap
Gunnveig Loe	Ap
Heidi Totland Arnesen	Ap
Liv Berit K. Befring	Ap
Eva Hellevang	H
Miriam H. Haga	H
Øyvind Røen	Sp
Monica Tjønnå	Sp
Marion Langhelle Pedersen	Frp
Jon Magne Bøgevik	Frp
Svein Verner Røseth	Frp
Norvald Gjerde	Frp
Øyvind Strømme	Bl
Anja Marken	Bl
Ragnfrid Olsnes	Bl

Ø.Strømmen (Bl) trekte då sitt framlegg.

Endeleg røysting:

Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst;

Jens Harald Abotnes	Krf
---------------------	-----

Øvind Røen (Sp) og Monica Tjønnå (Sp) vart vedteke med 19 røyster;

Marit A. Aase	Krf
Bodil H. Øpstebø	Krf
Bjarne Hauge	Krf
Bright Olav Gåsdal	Ap
Margunn Lønnebakken	Ap
Gunnveig Loe	Ap
Heidi Totland Arnesen	Ap
Liv Berit K. Befring	Ap
Eva Hellevang	H
Miriam H. Haga	H
Øyvind Røen	Sp
Monica Tjønnå	Sp
Marion Langhelle Pedersen	Frp
Jon Magne Bøgevik	Frp
Svein Verner Røseth	Frp
Norvald Gjerde	Frp
Øyvind Strømmen	Bl
Anja Marken	Bl
Ragnfrid Olsnes	Bl

KS-002/15 VEDTAK:

Samnanger kommune meiner at utkastet til *Strategisk næringsplan for Bergensregionen* har ei oversiktleg oppbygging med mange gode enkeltlement. Planen er likevel ikkje framtidretta nok når det gjeld miljøomsyn og berekraftig utvikling. Planen har m.a. eit for tradisjonelt syn på den plassen olje og gass skal ha i næringsutviklinga. Det som er sagt om overgang til og satsing på fornybare energikjelder, er tilsvarande lite forpliktande. Sameleis problematiserer ikkje planen dei store miljøutfordringane som er knytte til marin næring i dag, m.a. den store bruken av importert soya frå Brasil.

Det er påfallande at planen ikkje nemner jordbruket som finst i regionen. Dette er ikkje ei stor næring målt i pengeverdi eller talet på sysselsette, men er likevel viktig i utnytting av lokale ressursar og for matvaretryggleiken. Jordbrukslandskapet spelar òg ei rolle for reiselivsnæringa. Samnanger kommune meiner jordvern må nemnast som eitt av måla for arealplanlegging i samband med næringsutviklinga i regionen.

Samnanger kommune stiller spørsmål ved at ein tenkjer å presentera tiltaksdelen som ein eigen plan, og ber om at dette vert vurdert på nytt.

SAKNR. 003/15

ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET 2014

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2014.

04.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

KS-003/15 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2014.

SAKNR. 004/15

FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV 2012 - 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Roy Vegar Hope (H) får utvida permisjon frå dei politiske verva sine fram til 31.08.2015.

Grunngjevinga for dette finn ein i § 15.2 i kommunelova.

Det inneber at Eva Hellevang (H) vert fast medlem av formannskapet og personleg varamedlem for Brigt Olav Gåsdal i AMU. Miriam Hisdal Haga vert fast medlem av kommunestyret. Arild Røen vert første varamedlem til kommunestyret.

04.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

KS-004/15 VEDTAK:

Roy Vegar Hope (H) får utvida permisjon frå dei politiske verva sine fram til 31.08.2015.

Grunngjevinga for dette finn ein i § 15.2 i kommunelova.

Det inneber at Eva Hellevang (H) vert fast medlem av formannskapet og personleg varamedlem for Brigt Olav Gåsdal i AMU. Miriam Hisdal Haga vert fast medlem av kommunestyret. Arild Røen vert første varamedlem til kommunestyret.

